



Kjell Venås, ukjent år og ukjend fotograf. Brukt med løyve frå Novus forlag.

MINNETALE OVER PROFESSOR KJELL VENÅS

halden på møte

7. juni 2018

av Ernst Håkon Jahr

Professor dr. philos. Kjell Venås blei fødd 30. november 1927 og døydde 7. mars i år, 90 år gammal. Han var medlem i vårt akademi i 43 år, frå 1974, og var ofte på møta inntil dei siste åra. Nordisk språkvitskap har med Kjell Venås mista den forskaren som var den fremste blant oss i siste halvdel av 1900-talet. Han var den som vi yngre i faget såg mest opp til, som alltid var klar til å hjelpe med rettleiing og råd, t.d. med å lesa og kommentere bok- og artikkelutkast, som aldri sa at han ikkje hadde tid, som hadde eit overtydande fagleg skjønn, og som vi var veldig glade i. Det er eit tomrom etter han, fagleg og menneskeleg, som det blir vanskeleg å fylle.

Han hadde ein imponerende stor skriftleg produksjon. Bibliografien hans er på fleire hundre nummer frå den første i 1954 til den siste i 2013: bøker, artiklar, bokmeldingar, innlegg. Han var i mange år sentral i normeringsarbeidet til Norsk språkråd, som nynorskrepresentant for universiteta, der han blei talsmann for ein moderat og varsam nynorsktradisjonisme. Han sat i talrike vurderingskomitear for doktorgradar og stillingar ved alle dei fire såkalla "gamle" universiteta våre, og han var aktiv for målsaka.

Kjell Venås vaks opp som odelsgut på garden Bakko i Hemsedal, og heimbygda og folka der kom alltid til å bety mykje for han. Han har da også gitt atskilleg attende til dalen med bøker om hallingmålet, mange artiklar i lokalpressa og i andre publikasjonar, til og med ein prolog ved 100-årsjubileet for Hemsedal som eigen kommune. Etter eige ønske blei han gravlagd i Hemsedal.

Men Kjell Venås var etla til eit liv som lærar og forskar, enda han sa om seg sjølv at inst inne var han alltid bonde. Ønske om utdanning førte han ut av bygda, og først tok han lærarskolen i Volda i 1954. Etter eit par år som lærar i Sogndal tok han examen artium som privatist ved Voss landsgymnas i 1956. Etter eit halvår med undervisning på Otta tok han til å studere ved Universitetet i Oslo. Her tok han hovudfag i nordisk med gammalnorsk i 1960, og med engelsk og lærarprøva som bifag, som det heitte da. Hovudoppgåva var tradisjonell filologisk, ei undersøking av språket i eit mellomalderdokument ved Kunglige Biblioteket i Stockholm. For hovudfagseksamenen fekk Venås ein karakter som var betre enn det som gav innstilling til Kongen.

Etter tre år som vitenskapelig assistent ved Universitetet i Bergen og tre år som NAVF-stipendiat blei han universitetslektor ved UiO 1966, dosent 1970 og professor 1972. Han stod i denne stillinga til han gjekk av ved oppnådde 70 år i 1997.

I 1967 blei han dr. philos. på avhandlinga *Sterke verb i norske målføre*. Da han heldt på med doktoravhandlinga la han også grunnlaget for oppfølgjaren *Linne verb i norske målføre*. (1974). Til saman er desse bøkene hovudverka våre om verbbøying i norske målføre. Året etter doktoravhandlinga kom ei bok som var utvikla frå ei av prøvoførelesingane. Til skilnad frå bøkene om verbbøying gjekk han her attende til norrønt. Boka heiter: *Adjektivsuffikset germansk -ga- i norrønt. Med eit tillegg om utviklinga i nyare mål* (1971).

Desse tre svært omfattande studiane i tillegg til hovudoppgåva etablerte Venås som ein framifrå forskar i den junggrammatiske tradisjonen innan nordisk språkvitskap. Vi som da var studentar og yngre tilsette i faget såg på han som ein representant for den lange historiske tradisjonen i nordisk språkvitskap i Noreg, ein tradisjon som vi meinte no burde få både ny teori og nye metodar. Det viktigaste, meinte vi, var å bringe språksosiale perspektiv inn i forskinga, å sjå på språk og sosiale faktorar, på språk og kjønn m.a., på språksosiologi og sosiolingvistik. Vi var unge og pågåande, sikkert urimelege i ein del av kritikken mot tradisjonen. Da var det at Kjell Venås viste seg som den vidsynte fagmannen han var. Han let seg ikkje stenge inne i ein tradisjonell teoribås eller eit strikt metoderegime. Han salte om, las seg opp, tileigna seg ny teori og nye metodar, sette seg inn i nye problem og retningar, førelas om alt dette, og skreiv så den boka som i mange år blei sjølve grunnboka i språk og samfunn, og ikkje berre i Noreg, men i heile Norden: *Mål og miljø. Innføring i språksosiologi eller sosiolingvistik* (1982), som kom i heile tre utgåver fram til 1991.

Mål og miljø-boka gav Kjell Venås noko av ein leiarposisjon i det nyorienterte nordiskfaget som vaks fram som resultat av den generative revolusjonen frå Chomsky og sosiolingvistikken særleg med William Labov i USA og Peter Trudgill i Storbritannia. Peter Trudgill melde *Mål og miljø* i rosande ordelag i leiande internasjonale tidsskrift, og slik blei forfattaren og boka kjende også langt utanfor Norden. Venås blei t.d. beden om å skrive biografier om norske språkforskarar i eit stort engelskspråkleg verk om lingvistar frå heile verda.

Frå no av kasta Kjell Venås seg ivrig og med all kraft inn i språkdebatten i samfunnet. Han var sentral i fagnemnda i Norsk språkråd 1980–1996, han deltok aktivt på språkvitskaplege konferansar i inn- og utland, han skreiv bøker og artiklar og innlegg om språk og samfunn, om språkstriden, heldt føredrag, leia språknormeringskomitear og andre nemnder, drog på førelesingsturne til Storbritannia, han opponerte ved talrike disputasar over heile landet, og slik markerte han seg år etter år som den faglege einaren han var. Vi såg alle opp til han som den lærdaste og fremste i flokken.

Ikkje minst gjorde vi det i Tromsø. Venås likte seg godt i ishavsbymen, og han kom ofte. At han gjorde det, og så tydeleg viste at han sette pris på det vi gjorde fagleg der, hadde mykje å seia for at språkforskinga i Tromsø gjennom 80-åra fekk bygd seg opp og etablert seg nasjonalt og internasjonalt. Vi visste at når Kjell Venås kaverte for oss – som eit ungt og nytt språkvitskapleg miljø ved utkanten av den levelege verda – så ville andre godta oss også. Kjell Venås gav oss sjølvtrillit og mot til å stå på.

Han var opptatt av trim og friluftsliv, sykla til jobb frå Skøyenåsen, der han budde i alle år, og til Blindern, og han gjekk på ski i marka kvar vinter. Han var tidlegare på kontoret enn nokon annan, men han gjekk gjerne heim tidlegare også, for han skulle lage middag til familien. Kjell Venås og Alvhild Kleppenes gifta seg i 1963. Dei fekk to gutar, Atle og Bård, som Kjell alltid var svært stolt av.

Kjell Venås var ein hovding, og han har skrive store bøker om andre hovdingar i målrørsla og i nynorsk språkforskning. Den første biografien var om Gustav Indrebø (1984), som skreiv om namn og språkhistorie, og som var ein leiande målaktivist. Seinare skreiv han biografiar om Marius Hægstad (1992), den første som fekk det såkalla "landsmålsprofessoratet" i 1899. Den neste var om Ivar Aasen sjølv (i 1996), så kom ei om Sigurd Kolsrud, som sat i professoratet etter Hægstad (2005) og til slutt om ordboksmannen Hans Ross, som arbeidde vidare med målsamling etter Aasen (2009). I tillegg til biografiar i bokform har han portrettert mange andre sentrale fagfellar, t.d. Olav T. Beito, Hallfrid Christiansen og Ingeborg Hoff. Den akademiske giganten Didrik Arup Seip skreiv han om i det aller siste originalarbeidet han publiserte, i 2013.

Tematisk dekte Kjell Venås med arbeida sine så å seia alle område innan faget nordisk språkvitskap. Eg må vise til bibliografien hans her, det vil gå for langt å koma inn på alt. Innan namnegransking skreiv han t.d. to svære band om innsjønamn i Hedmark (1987) og Telemark (2002) fylke. For desse bøkene fekk han i 2004 ein pris frå Kunglige Gustav Adolfs Akademien i Uppsala, eit akademi der han var utanlandsk medlem frå 1988.

Vi må òg nemne at han interesserte seg mykje for religiøs språkbruk. I samband med arbeidet fram mot det som blei til Norsk salmebok, skreiv han for Norsk språkråd kommentarar om alle dei nynorske salmane. Her gjorde han m.a. framlegg til betre ordleggjing i omsetjingar av dei utanlandske salmane.

Bak dette låg at han sjølv hadde ei sterk lyrisk åre, som vi kan få ein tokke av når vi les nokre av boktitlane hans. Han gav ut ei samling av norske tekstar frå dansketida, ho fekk tittelen: Den fyrste morgonblånen (1990). Og boka om Ivar Aasen kalla han Då tida var fullkomen. Legendariske blant slekt og vener er julekorta hans, heilt ulike alle andre kort ein fekk til jul, biletrike i stilen og filosofisk i innhald.

Venås fekk Fridtjof Nansens belønning for framifrå forskning i 1993 her i Akademiet, og han har mottatt fleire prisar for nynorsk målbruk. 1997 fekk han Formidlingsprisen frå HF-fakultetet ved UiO.

Kjell Venås hadde mange vener og kollegaer som saknar han i dag. Vi kjenner med den næraste familien, som er her i dag. Vi er takksame for det han gjorde og for det han var. Både da han fylte 60 år og 70 år fekk han heidersskrift. Det fortel mykje om kor høgt han stod hos kollegaer, vener og andre.

Vi lyser fred over Kjell Venås' gode minne.